

Fra: Sigbjørn Heggdal [sigbjorn.heggdal@gmail.com]
Sendt: 13. oktober 2011 20:15
Til: Sørensen Jan
Emne: Saksnummer: 200901128

Uttalelse angående utbygginga av Breimselva ved Breim Kraft AS v/Moldestad, Per Jonny
Som levande intressert sportsfiskar tillet eg meg å kome med nokre få ord rundt planane om utbygging av Breimselva. Breimselva og spesielt området frå Seime bru og ned til Breimsvatnet, er eit område med store muligheiter for sportsfiske. Området fiskar aller best når elva veks og blir stor. Om du er heldig og får ideelle forhold er det utruleg mykje liv i elva. Dette meiner eg, er grunna rikt innsektsliv både over og under vannflata. Under slike forhold vakar fisken hyppig og tek villig både fluge, makk og sluk. Breimsosen er plassen i Gloppen der du har størst sjans for å få ørret på over kiloen. Området kan også huse langt større fisk. I sportsfiskarmiljøet er Breimsosen bland anna kjendt for å ha heftige døgnflueklekkingar i slutten av mai. Og folk reiser villig i timesvis for å oppleve dette. Sidan du kan fiske i området nedanfor Seime Bru heile året, kan du som flugefiskar få fisk på mygg om vinteren, steinflugeimitasjonar tidleg på våren, døgnfluger på sommar, og vårfluger på haust. Dette gjer området unikt.
Ei eventuell utbygging av Breimselva i dette området vil bli det største inngrepet i området rundt Reed nokon gong. Dette er eit inngrep som ikkje på nokon måte er reversibelt. Blir dette prosjektet gjennomført som planlagt vil området i mine auger være øydelagt for denne type aktivitet. Breimselva er ei elv og ikkje ein bekk. Fiske i kunstige tersklar vil uansett aldri bli det same. Å tru at fisket i Breimsosen skal bli betre etter eit slikt inngrep blir farleg naivt. Er skaden først gjort vil området aldri bli det same som før.

Sigbjørn Heggdal